



Per Thorgersen
Alverneset 10
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7309 - 15/6355

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
17.03.2015

Gbnr 137/288 Alverneset. Gebyr for dispensasjonssak. Vurdering av klage.

Syner til brev frå dykk med følgjande innhald:

«Med henvisning til innsendt «søknad om deling gnr.137 bnr.288 Alver – arealoverføring» motatt Lindås kommune 3/11 2014.

Her er det kun søkt om arealoverføring etter pbl §20-1 m), ref. vedlagt skjema.

Jeg tilbakeviser herved krav om gebyr for dispensasjonssøknad da det ikke har vært søkt om dispensasjon i denne saken.»

Brevet frå dykk er datert 20.02.2015, og kommunen seier seg lei for at det har teke tid å svare.

Bakgrunn i saka:

I søknaden stemplet inn i kommunen 03.11.2014, vert det søkt om oppretting eller endring av matrikkeleining. Det skal delast frå eit areal på 760m2 frå gnr.137 bnr.288. Arealet skal overførast til gnr.137 bnr.484. Dette går fram av kartet som ligg ved.

Eigedommane som er involvert i tiltaket ligg i område sett av til bustadføremaal, der det i føresegnene er krav om regulering før tiltak som krev godkjenning etter pbl §20-1, kan gjennomførast.

Tiltaket som de ville ha gjennomført, krev løyve etter §20-1. Det går fram av søknadsskjema. De har vore klar over dette då de sendte søknaden. Men de har ikkje teke skritt for å regulere eigdommen, og må då søkje om dispensasjon dersom deling skal gjennomførast.

Det er rett at de ikkje hadde kryssa av for dispensasjon, men sakshandsamar tok det for gitt at dette berre var noko som var gløymt, på same måte som det heller ikkje var sendt nabovarsel i saka.

Det kunne tenkast at det ikkje var naudsynt å fatte vedtak om deling. Dette er mogeleg dersom arealet som skal overførast er mindre enn 5% av arealet som høyrer til den minste av dei einingane som er involvert i overføringa.

I den søknaden som ligg føre her er arealet for 137/288 3,9da og arealet for 137/484 1,5da. Med andre ord kunne overføringa berre omfatte inntil 75m2, dersom arealoverføringa skulle kunne skje utan vedtak om deling.



Arealet som faktisk er søkt overført er 760m². Det var såleis naudsynt med vedtak om deling i denne saka.

Vurdering:

De har sendt brev der de hevdar at de ikkje skal betale for dispensasjonshandsaming i samband med søknad om arealoverføring frå 137/288 til 137/484. De grunngjev dette med at de ikkje hadde søkt om dispensasjon.

I den saka som ligg føre her, er det ikkje høve til å gje løyve til deling utan først å vurdere om det ligg til rette for dispensasjon. Dette skuldast at tiltaket ligg i eit område der gjeldande arealplan krev regulering før tiltak etter pbl.§20-1 kan gjennomførast.

Dykkar søknad var eit slikt tiltak, og det var såleis naudsynt å vurdere dispensasjon før ein kunne vurdere deling.

Det ligg etter Lindås kommune sin vurdering ikkje til rette for at de ikkje skal betale gebyr for dispensasjonsvurderinga.

Dersom de ikkje vil at dispensasjon skal vurderast, kan heller ikkje spørsmål om deling vurderast. De kan då ikkje fremje søknaden dykkar.

VEDTAK:

Lindås kommune har vurdert kravet sett fram i brev datert 20.02.2015, om at tiltakshavar skal sleppe å betale for dispensasjonsvurdering gjort i sak 14/7309. Kommunen finn at det ikkje er grunnlag for dette kravet, då søknaden i seg sjølv krev at det vert gjort vurdering av grunnlaget for dispensasjon. Kommunen opprettheld såleis kravet om gebyr, slik det vart sett fram i brev datert 18/2-2015.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak, og partane kan klage over vedtaket innan tre veker. Jf. §§28 flg. i Forvaltningslova.

Klagen skal sendast til Lindås kommune, men skal avgjerast av fylkesmannen.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Per Thorgersen

Alverneset 10 5916

ISDALSTØ